

Soknerådsmøte i Moster kyrkje

tysdag 11.01. 2022.

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Marta Fauskanger Ekberg, Camilla Rubach, Elin Taranger, Per Harald Gjerde, og Gerda Bondø.(for Heidi Torkelsen Fagervik)

Sak 1 – 2022 Godkjenning av møtebok frå 07.12.21 og innkalling.

Møtebok og innkalling godkjend.

Sak 2 – 2022 Oppfylging av tidlegare saker.

Jubileumsbok, - økonomikomite, innhald, utstyr, framdrift, kostnad, antal og salsstrategi m.m. Temakvelder – plakat: Oppgåver vart fordelt på første temakveld den 3. februar. Jubileumsbok: Søknader om økonomisk støtte er sendt. Soknerådet bed Randi og Gunnvald om å leggje fram forslag til forlag på neste møte, og at soknerådet så gjer vedtak.

Sak 3 – 2022 Årsmelding 2021

Soknerådsmedlemmene såg over årsmeldinga, særleg det som vedrører målsetjingar og evaluering av desse.

Vedtak: Evaluering av målsetjingane for 2021 og målsetjingane for 2022 er godkjend.

Sak 4 – 2022 Evaluering av jul og nyttår

Korleis kom me frå det samla sett? Kva bør og kan gjerast annleis? Økonomiske konsekvensar?

Vedtak: Det må vere eit vippsnummer i samband med strøymegudstenesta.

Det er gode argument for både å ha fysisk julegudsteneste med restriksjonar, og å ha strøymegudsteneste. Soknerådet finn det derfor vanskeleg å konkludere. Teknisk og kommunikasjonsmessig har det og vore noko varierende kvalitet. Det har vore dårlegare resultat når det gjeld offer.

Sak 5 – 2022 Samling med stab, lokalt tilsette og nokre frivillige 8.februar.

Me et god mat, evaluerar arbeidet i 2021 og myldrar på idear og strategi. Saka utsett frå desembermøtet til januar.

Vedtak: Samlinga vert lagd til ein seinare dato.

Sak 6 – 2022 Skap til teknisk utstyr.

Er det moglegig å endra inventar? Kven søker me om dette? Kven ber eventuell kostnad?

Vedtak: Soknerådet bed ein person om å kome med eit framlegg til utforming av skap til teknisk utstyr bak i kyrkja på same side som miksepulten. Soknerådet vil deretter be kyrkjeverja om å sende søknad til biskopen i Bjørgvin om godkjenning.

Sak 7 – 2022 Arrangement framover i koronatida.

Kva arrangement kan gjennomførast? Bør noko avlysast? Kva tiltak gjeld?

Vedtak: Me følgjer dei reglane som til ei kvar tid gjeld.

Sak 8 – 2022 Ungdomsgudsteneste

Vedtak: Ungdomsgudstenesta vert den 20. mars

Sak 9 – 2022 Referat og meldingar

Orgelkomitèen : Gunnvald orienterte.

Trusopplæringsutvalet: Aksel orienterte.

Estlandskomitèen : Aksel orienterte.

Frå fellesrådet og administrasjon: Har ikkje hatt møte.

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre.

Per Harald Gjerde

Skrivar